


NOTAT

Tal, prognoser og analyser for:

Hornindal kommune



UTKAST

1. Innleiing

I arbeidet med regional planstrategi er det viktig med relevant, oppdatert og faktabasert kunnskap om viktige tema og satsingsområde for kommunen. For å kunne drive målretta samfunnsutvikling er det viktig at politikktutforminga bygger på eit godt kunnskapsgrunnlag. Kunnskapsgrunnlaget er bygd opp kring hovudutfordringane for kommunen (med utgangspunkt i utfordringane i fylket), og skal gje naudsynt grunnlag for prioriteringane i sjølvje planstrategien. Vi omtalar situasjonen slik den er i dag, utviklingstrekk og utfordringar fylket står ovanfor. Vi legg vekt på å få fram kva samfunn det er sannsynleg at vi får med framskrivingar, analyse og oppsummering av mogelege strategiar ut frå utfordringane.

For dei neste åra er det peika på fire hovudutfordringar fylket vil møte:

1. Globalisering – urbanisering, av både kapital og menneskjer
2. Folketalsutviklinga, migrasjon og kvinnene si rolle i samfunnsutviklinga
3. Utvikling av kunnskapssamfunnet
4. Klimautfordringane

Utfordringane er knytt til tydelege drivkrefter lokalt, regionalt, nasjonalt og globalt. Kunnskapsgrunnlaget og utfordringane viser tydeleg at fylket og kommunane står framfor store endringar dei neste 10-20 åra uansett korleis vi møter alle utfordringane.

Den mest sentrale kunnskapsleverandørane er SSB.

Prognoser og analysar tek ikkje omsyn til ei mogleg endring i kommunestrukturen.

Dokumentet vil verte delt opp i følgjande tema som på kvar sin måte vert linka til dei 4 hovudutfordringane.

1. Innleiing
2. Demografi-Folketalsutvikling
3. Utflytting til meir sentrale strøk
4. Innvandring
5. Kvinner som flytter
6. Arbeidsplassar
7. Klima og Miljø

Analysane og dei grafiske framstillingane i kap 2 vil danna grunnlaget for dei analysane som gjerast i kapitla 3 til 6.

I Fylkesspegelen¹ finnes ytterligere statistikk på kommunenivå som kan vere brukbart i planlegningsarbeidet.

Datagrunnlag for analyse og figurane kan leverast av Fylkeskommunen på førespurnad.

¹ <http://www.sfi.no/fylkesspegelen.337924.nn.html>

2. Demografi -status




Fig. 2.1

Som ein kan sjå ut i frå Fig.2.1 har det i Hornindal kommune vore både oppturar og nedturar i høve folketalet. Sidan 2000 har folketalet vorte redusert med 27 personar. I Fig 2.2 kan ein sjå ein meir detaljert skildring av endringane frå 2008 til 2015

Folketalsutvikling




Fig. 2.2

I heile perioden bortsett frå dei to siste åra har det vore positivt fødselsoverskot i kommunen. Dei to siste åra har det sjølv ved innvandring vært fleire som flyttar ut enn inn i kommunen. I sum gjer dette ei negativ folketaletutvikling. Det kan også sjå ut som innvandringa også reduserast.

Tal innvandrarak




Fig. 2.3

Andelen innvandrarak utgjorde i 2015 om lag 6 % av befolkninga. Framleis er det arbeidsinnvandringa som er den dominerande gruppa. Tal på innvandrarak tek ikkje opp i seg asylsøkkarak sia folketal er basert på innbyggjararak som er innvilga opphald².

Tettbygget/spredtbygget




Fig 2.4

Grafen syner at det har vore ei svak sentralisering i Hornindal.³ Dette kan like gjerne vere eit resultat av omdefinering i høve til fotnote 2.

² SSB har ikkje statistikk om asylsøkkarak. Det er fyrst når ein asylsøkkarak får godkjent lovleg opphald i Norge, får fødselsnummer og dermed vert definert som innvandrarak, at han/ho kjem i registra til SSB. Når eit stort tal asylsøkkarak resulterer i lang sakshandsamingstid i UDI, kan det ta fleire år frå ein asylsøkkarak kjem til Norge til han/ho gjev utslag i statistikken.

³ En hussamling skal registreres som et tettsted dersom det bor minst 200 personer der, og avstanden mellom husene skal normalt ikke overstige 50 meter. <https://www.ssb.no/befolkning/statistikker/bef tett/aar/2011-06-17>

Folketalsendring framover, prognose

Før vi går inn i ei drøfting knytt til framskrivingane, er det viktig å ha med seg at dette er prognosar, og ikkje noko som er hogd i stein. Til grunn for tala ligg SSBs folketalsprognosar 2015-2040 (moderat anslag).⁴ Om vi får større endringar, t.d. i innflytting og utflytting, vil dette påvirke prognosane monaleg, og mindre endringar i tal fødde, levealder, inn- og utflytting vil sjølvstøtt også gje mindre endringar i prognosane.




Fig. 2.4

Prognosen syner at Hornindal i framskrivingsperioden vil ha ein befolkningsreduksjon på 75 personar. Dette utgjer ein reduksjon på om lag 6 %. Konsekvensane av dette kan vere endra rammevilkår frå staten.

⁴ <https://www.ssb.no/folkfram>

Framskriving aldersgrupper




Fig. 2.5

I framskrivingsperioden ser ein at det er små endringar i aldersgruppa 0-9 år. Dei største endringane vil vere i aldersgruppa 10 til 59 år. Her vil reduksjonen i dei ulike aldersgruppene variere mellom det lågaste på 1.5 % og det høgaste på 29 %. Ein vil få ei betydeleg auke i aldersgruppa +70 år. Som ein ser dreg mange ut, anten for studiar eller jobb. I høve helse og omsorgstenestr kan ein forvente ei potensiell auke i gruppa eldre +80 på om lag 35 %. Dette er sjølvstøtt avhengig av den enkelte si helse og tenestebehov.

Det kan synas som om dimensjonering av barnehage og skule i 2040 vill ligge på om lag same nivå som i dag. Utfordringa for Hornindal i høve framskrivinga kan såleis fyst og fremst seiast å vere knytt til helse- og omsorgstenesten, men også å motverke dei tendensane ein kan sjå i høve til at folk reiser frå kommunen.

Ved ytterlegare å bryte tallane kan ein sjå i fig 2.6 at det vil verte små endringar i gruppa born med behov for barnehage. I fig 2.7 kan ein sjå at det vil verte behov for om lag 12 færre plasser i grunnskolen.




Fig. 2.6




Fig. 2.7

I gruppa 6 til 15 år ventas ein reduksjon på ca 30, og i gruppa 16-19 ein reduksjon på 17. Framskrivinga vil ha konsekvensar i høve grunn-og vidaregåande skule.





Fig. 2.8



I aldersgruppa +70 ser man ein solid vekst i befolkninga Fig 2.9.




Fig. 2.9

Som man ser vil auka i denne gruppa vere på om lag 30 %. Det vill gje kommunen store utfordringar med å rigge ei eldreomsorg som både kapasitetsmessig og kvalitetsmessig tilfredstillar krava satt av myndighetene.

Kjønnsfordeling.




Fig. 2.10

Som i resten av fylket har også Hornindal ei utfordring i høve til kjønnsbalansen. Ubalansen i fyrste del peikar på eit underskot av kvinner, mens i siste del peikar den på eit underskot av menn. Samstundes vert andelen menn og kvinner redusert med om lag 60 personar i perioden.

Levekår og livskvalitet.

Folkehelseprofilen under er direkte frå Helsedirektoratet og vert ikkje kommentert vidare.

Tema	Indikator	Kommune	Fylke	Norge	Enhet (*)	Folkehelsebarometer for Hornindal
Befolkning	1 Befolkningsvekst	-0,16	0,19	1,1	prosent	
	2 Personer som bor alene, 45 år +	20,5	23,5	25,6	prosent	
	3 Valgdeltakelse 2015	73	65	60	prosent	
Levekår	4 Vgs eller høyere utdanning, 30-39 år	88	84	83	prosent	
	5 Lavinntekt (husholdninger), 0-17 år	10	8,5	11	prosent	
	6 Inntektsulikhet, P90/P10	2,4	2,4	2,7	-	
	7 Barn av enslige forsørgere	4,8	12	15	prosent	
	8 Arbeidsledige, 15-29 år (ny def.)	-	2,1	2,7	prosent	
	9 Uføretryggede, 18-44 år	-	2,4	2,6	prosent (a,k*)	
Miljø	10 God drikkevannsforsyning	0	81	92	prosent	
	11 Forsyningsgrad, drikkevann	35	75	89	prosent	
	12 Skader, behandlet i sykehus	17,1	15,8	12,8	per 1000 (a,k*)	
	13 Ensomhet, Ungdata	-	-	18	prosent (a,k*)	
	14 Fornøyd med lokalmiljøet, Ungdata	-	-	70	prosent (a,k*)	
15 Medlem i fritidsorganisasjon, Ungdata	-	-	63	prosent (a,k*)		
Skole	16 Trives på skolen, 10. klasse	80	89	85	prosent (k*)	
	17 Laveste mestringsnivå i lesing, 5. kl.	43	26	25	prosent (k*)	
	18 Laveste mestringsnivå i regning, 5. kl.	-	20	26	prosent (k*)	
	19 Frafall i videregående skole	-	17	24	prosent (k*)	
Levevaner	20 Fysisk inaktive, Ungdata	-	-	13	prosent (a,k*)	
	21 Overvekt inkl. fedme, 17 år	21	25	21	prosent (k*)	
	22 Alkohol, har vært beruset, Ungdata	-	-	14	prosent (a,k*)	
	23 Røyking, kvinner	-	8,3	10	prosent (a*)	
Helse og sykdom	24 Forventet levealder, menn	78,9	79,1	78,2	år	
	25 Forventet levealder, kvinner	85,7	84,1	82,8	år	
	26 Utdanningsforskjell i forventet levealder	-	3,6	4,8	år	
	27 Psykiske sympt./lid, primærh.tj., 15-29 år	51	108	142	per 1000 (a,k*)	
	28 Psykiske lidelser, legemiddelbrukere	61	106	130	per 1000 (a,k*)	
	29 Muskel og skjelett, primærhelsetjenesten	290	271	262	per 1000 (a,k*)	
	30 Hjerte- og karsykdom, beh. i sykehus	14,6	16,8	17,3	per 1000 (a,k*)	
	31 Type 2-diabetes, legemiddelbrukere	19	29	35	per 1000 (a,k*)	
	32 Lungekreft, nye tilfeller	-	50	55	per 100 000 (a,k*)	
	33 Antibiotika, legemiddelbrukere	218	208	229	per 1000 (a,k*)	
	34 Vaksinasjonsdekning, meslinger, 9 år	90,4	94,9	94,7	prosent	

Oppsummering

Summert kan en seie at det er to hovudutfordringar for kommunen, det eine er den reduserte andelen befolkning i alderen 20-39 og det andre er ei veksande eldre befolkning (Fig. 2.11)




Fig 2.11

Prognosane syner at sjølv med ei vaksande eldre befolkning er ikkje det nok for å forhindre folketalreduksjon. Strategiane må på den eine sia verte å redusere fråflyttinga og på den andre sia planleggje korleis ein skal innrette eldreomsorga i framtida.

3. Utflytting til meir sentrale strøk

Ein stadig større del av befolkninga i fylket bur i eller nær større bysentra, og netto flyttestraumar går frå periferi til sentrum. Dette er ein langsiktig trend som skjer globalt, nasjonalt og i den enkelte kommune.

Som vi synte i kap. 2 har Hornindal som mange andre kommunar hatt ei langvarig reduksjon i folketalet, og prognosane synar at dette er ein trend som vil fortsette.

Sentralisering vert ofte definert som at befolkninga over tid vert konsentrert på ein (geografisk) stad. På nasjonalt nivå skjer konsentrasjonen til dei folkerike regionane, «sentrale strøk». Ved ein konsentrasjon kring sentrale strøk, vert utkantane tappa for folk og energi. Det handlar om sentrum og periferi.

Fråflytting kan og føre til ein redusert etterspurnad etter bustader i kommunen, slik at dei som skal selje sine bustader må realisere eit verditap. Kommunen kan bli sitjande med unyttta infrastruktur og kapitalkostnader knytt til nedlagde bygningar og anlegg. For andre typar tenester kan befolkningsgrunnlaget verte for lågt til at tilbod kan oppretthaldast. Mange som synes at det gode livet eigentleg er på landsbygda, får dermed velferda redusert på grunn av sentraliseringa. Slike endringar vert ofte omtalt som «uttynning» av lokalsamfunnet.

I Hornindal er det fyst og fremst ungdommen som dreg, og prognosane synar at det er den same gruppa som kjem til å flytte også i framtida. Årsaka til dette vil det bli gjort greie for nærare i kap 5 og 6.

4. Innvandrarak

Om lag 6 % av innbyggjarane i Hornindal er innvandrarak, fyst og fremst i frå Europa (Fig. 2.3)

Eit stadig meir fleirkulturelt Hornindal krev at kommunen lukkast med inkludering på alle nivå i samfunnet. Kommunen, NAV, lokalt næringsliv og frivillig sektor er dei som står nærast dei konkrete utfordringane.

I dette arbeidet er god språkopplæring avgjerande viktig. For flyktningane handlar det også om å bli inkludert i arbeidslivet. Felles for både arbeidsinnvandrarak og flyktningane er at dei må oppleve å vere ein del av samfunnslivet på staden dei bur.

Kultur- og fritidstilbod som legg til rette for gode møteplassar vil vere viktige bidrag i dette arbeidet. Dette gjeld også generelt for alle tilflyttarak til fylket.

Ei viktig rolle vil vere å legge til rette for eit godt samspel mellom dei aktørane som har moglegheit til å påverke arbeidet med inkludering i positiv retning.

I følgje tal frå NAV er det stor arbeidsløyse blant innvandrarak i fylket. Tala synar at arbeidsløysa er seks gonger større enn blant etniske nordmenn. NAV kan heller ikkje sjå nokre positive utviklingstrekk framover på dette området. Informasjon både frå NAV og IMDI syner at fylket skorar lågare både i høve til norskopplæring og med busetting av flykningar, enn andre fylke. Forsking syner at ein nøkkelfaktor i høve til ei vellukka integrering er å kunne snakke norsk.

Tidlegere var innvandring fyrst og fremst eit storbyfenomen, men med auka arbeidsinnvandring har vi fått ei større regional spreiring av innvandrarak ut i distrikta. Arbeidsinnvandringa er eit resultat av utvidinga i EU i 2004 og 2007. Polakkar er saman med svenskar den største innvandrargruppa i Noreg. Arbeidsinnvandringa fører med seg folketalsauke fylket samla sett og i mange kommunar som elles ville hatt nedgang i folketalet. Grunnen er at arbeidsinnvandringa i stor grad har forsynt lokale bedrifter med arbeidskraft.

Kven blir og kven dreg

Flyktningar og deira familiar er dei som i størst grad vert buande i Norge, medan nordiske innvandrarak og personar med utdanning som innvandringsgrunn i mindre grad vert buande. Arbeidsinnvandrarak ligg omtrent midt på treet i denne samanlikninga.

I følgje Statistisk sentralbyrå flyttar flyktningar oftare frå den kommunen dei først blir busett i, til meir sentrale kommunar. Det er også mest vanleg blant innvandrarak med familie som innvandringsgrunn, blant norskfødde barn av innvandrarak, utdanningsinnvandrarak og personer utan innvandrarbakgrunn. Arbeidsinnvandrarak og nordiske innvandrarak skil seg noko ut, ved at dei ofte flyttar til mindre sentrale kommunar enn dei flytta frå.

Flyktningar og deira familiar flytta i stor grad til kommunar med andre innvandrarak med same innvandrarbakgrunn. At dei flyttar til sentrale strøk gjev positiv samanheng mellom flytting og regional sysselsettingsutvikling, i og med at dei flyttar til regionar med sterk vekst i sysselsettinga.

5. Kvinneunderskotet

Det kan sjå ut som om Hornindal vil ha eit kvinneoverskot i fyrste del av prognoseperioden, men underskot seinare i prognoseperioden.

Det negative er at andelen av både kvinner og menn er dalande. Kvinner dreg ut primært for å utdanne seg og for å få jobb som passar til utdanninga.

6. Arbeidsplassar, sysselsetting og pendling




Fig 6.1

Som grafen syner har det vore ein del endringar i sysselsettinga i kommunen. Det har vore ein reduksjon på om lag 80 sysselsette til saman. Tala for Hornindal har nokre feil. Dette er teke opp med SSB, men kan også skuldast feil i innrapporteringa.




Fig. 6.2 Ein gjer merksam på at enkelte tal frå Hornindal er feil. Saka er tatt opp med SSB.

Pendling

Pendlarar er definert som sysselsette som har arbeidsstaden sin i ein annan kommune en der dei bur. Pendling kan vere eit resultat av eit underskot på arbeidsplassar i forhold til arbeidsstyrken der dei bur.

I Hornindal kommune er det mange som pendlar ut for å jobbe, men det er også ein del som pendlar inn i kommunen. Tala synar at det er 74 personar som i 2014 pendla inn i kommunen og 286 personar som pendla ut av kommunen.

For å ta dei som pendlar inn så kommer dei frå mange plassar, bl.a i frå Oslo, Drammen og Rana. Dette er ikkje noko dominerande tendensar. Dei mest dominerande plassane pendlarar kommer i frå vert presentert i Fig 6.3




Fig. 6.3

Det er ein like stor variasjon i høve til dei som pendlar i frå kommunen. Men dei dominerande arbeidsstadene kan sjåast i Fig. 6.4




Fig. 6.4